

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

STAD: Møterom Finstuen, Bikuben konferansesenter
MØTETIDSPUNKT: 2. februar 2023, kl. 10.00-14.00
Styreseminar kl. 14.25-15.15: Beredskap og sivil-militært samarbeid

Styremøtet var oppe for publikum og presse.

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Breivik	Styreleiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Hilde Christiansen	Medlem
Rolf Martin Tande	Medlem
Bente Enehaug-Rebnord	Medlem
Kjeld Zacho Jørgensen	Medlem
Per Morten Sandset	Medlem
Irene Hopsdal	Medlem
Karen-Anne Stordalen	Medlem
Geir Arne Sunde	Medlem
Marianne Sæhle	Medlem

DELTAKAR FRÅ BRUKARUTVALET

Linda Haugland	Leiar i Brukarutvalet
Eli Sjo	Nestleiar i Brukarutvalet

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerende direktør
Clara Gram Gjesdal	Viseadministrerende direktør/Referent
Randi-Luise Møgster	Viseadministrerende direktør

Ved starten av møtet var det eit innlegg ved avdelingsdirektør Hans Petter Eikesdal frå Kreftavdelinga.

SAKLISTE

UNDERLAG

Sak	01/23 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	02/23 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak	03/23 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	04/23 O	Rettsaker 2022	Vedlagt
Sak	05/23 O	Leiinga sin gjennomgang 2022	Vedlagt
Sak	06/23 O	Samarbeidsavtaler innan kreftkirurgi i Helse Vest	Vedlagt
Sak	07/23 O	Årsmelding frå Brukarutvalet og Ungdomsrådet 2022	Vedlagt
Sak	08/23 A	Sal av eigedomen Knappen til Bergen kommune	Vedlagt
Sak	09/23 O	Ny leiarplattform	Vedlagt
Sak	10/23 O	Årsmelding klinisk etikk-komit� 2022	Vedlagt
Sak	11/23 O	Administrerande direkt�r si orientering	Vedlagt
Sak	12/23 O	Eventuelt	
		Skriv og meldingar	Vedlagt
		1. �rshjul for styret i Helse Bergen 2023	
		2. Beredskap p� fergestrekninger	
		3. Kvartalsrapport arbeidslivskriminalitet og sosial dumping 2022	

Sak 01/23 A Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjende.

Sak 02/23 A Godkjenning av protokoll

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå styremøtet 21. desember 2022 vart godkjend.

Sak 03/23 O Rapport frå verksemda

Oppsummering

Helse Bergen har også dette året hatt utfordringar knytt til å balansere handteringa av pandemien med normal sjukehusdrift. I 2022 vart det sett i verk smitteregime eller isolasjon for om lag 2 900 pasientar grunna mistanke om eller påvist covid-19. Det har saman med stor tilstrøyming av andre somatiske akuttpatientar hatt påverknad på både aktivitet, ventetider med meir. Samla aktivitet for alle sektorar målt i DRG-poeng vart 1,9 % høgare enn i 2021. Totalt vart det handsama om lag 219 000 unike pasientar i 2022, som er ei auke på 2,3 % frå 2021. Talet på ventande pasientar ved utgongen av 2022 var 6,4 % høgare enn i 2021. Gjennomsnittleg ventetid til start helsehjelp for alle pasientar i Helse Bergen gjekk også opp med 2,6 dagar. Helse Bergen har likevel jamt over betre resultat enn dei andre helseføretaka i regionen, og arbeider framleis med å redusere ventelistene.

Førebels resultat for 2022 viser eit negativt resultat på kr. 14,7 mill, med eit negativt budsjettavvik på kr. 114,7 mill. Endeleg resultat for 2022 vil bli lagt fram for styret 30. mars.

Kommentarar i møtet

Styret uttrykte seg positivt om rapporten. Styret ser at det er ein krevjande overgang frå 2022, med tilførte midlar og eit underskot i drifta inn i tronge rammer for 2023. Auka ein ser i tal på tilsette kan representere eit handlingsrom dersom ressursane vert brukt rett.

I 2023 er det planlagt med auka aktivitet i både poliklinikk og i sengepostane. Då treng vi å bruke ressursane vi har på ein god måte. Det vart uttrykt bekymring for den store flytteprosessen som skal gjennomførast i samband med Glasblokkene. Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette forsikra og styret om god planlegging og involvering i prosessane.

Det vart poengtert at arbeidet med å utnytte kirurgisk kapasitet er viktig. Det er ikkje uventa at det medfører noko uro i fagmiljøa. Det høge sjukefråværet dei siste månadane har vore utfordrande, og sjølv om vi ser fram til at smitten i samfunnet blir redusert i 2023 er det framleis eit høgt langtidsfråvær som ein må fortsette å arbeide systematisk med å redusere.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek saka til vitende.

Sak 04/23 O Rettssaker 2022

Oppsummering

I styremøte 16. januar 2022, sak 14/02, fekk styreleiar fullmakt til å fremje søksmål på vegne av Helse Bergen og til å anke avgjerder i tingrett og lagmannsrett der føretaket er part. Svært prinsipielle saker og/eller saker av stor offentleg interesse, skal behandlast av eit samla styre før det vert teke endeleg avgjerd om å fremje søksmål eller anke avgjerder i domstolane. Styret sette som vilkår for fullmaktsdelegasjonen at dei vert orientert om rettssaker som føretaket er, eller kan rekne med å bli, involvert i.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til vitende.

Sak 05/23 O Leiinga sin gjennomgang 2022

Oppsummering

Leiinga sin gjennomgang er ein overordna strukturert gjennomgang av i kva grad det er på plass eit godt fungerande styringssystem i sjukehuset. Målet er at styringssystemet skal gjere det lettare for sjukehuset å oppfylle oppdraget, og bidra til at vi kontinuerleg tilpassar oss utviklinga innan medisin, pasientane sine behov, teknologi, lovar og andre myndigheitskrav.

Kommentarar i møtet

Styret var positiv til arbeidet med leiinga sin gjennomgang. Det er gjort store framsteg i dette arbeidet og det vart framheva at temaa er relevante og at tiltaka er viktige. Arbeidet med oppfølging av alvorlege hendingar vart trekt fram som særst positivt. Korleis vi arbeider systematisk med kompetanse på forbetring er viktig for ein tryggleikskultur og dette kunne vore løfta meir tydeleg fram i gjennomgangen. Grad gjennomføring av obligatoriske kompetansekrav ligg for lågt, og krava bør innskjerpast.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek leiinga sin gjennomgang 2022 til vitende.

Sak 06/23 O Samarbeidsavtaler innan kreftkirurgi i Helse Vest

Oppsummering

Prosjektrapporten *Kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi* vart handsama i Helse Vest sitt styre 30. september 2019 ([Styresak 100/19](#)). Rapporten stadfesta at Helse Bergen i praksis oppfyller volumkrav og andre faglege føresetnadar som ligg til grunn i dei nasjonale krava ([Kreftkirurgi i Norge](#)). Helse Stavanger fyller ikkje alle krav innan nokre kreftformer, og Helse Fonna og Helse Førde har utfordring med omsyn på volumkrav og faglege føresetnader på ytterlegare fleire område. Styret i Helse Bergen leverte høyrings svar på rapporten i mai 2019 (sjå vedlegg 1)

Helse Vest vedtok funksjonsfordeling for kreftkirurgi under føresetnad av at kompensierende tiltak blir gjennomført, dette gjeld kirurgi ved kreft i lunge, nyre, bryst og bukspyttkjertel. Samarbeid om gynekologisk kreft er og løftet inn i oppfølgingsarbeidet. Helse Vest skal og kvart år gjere ein gjennomgang av kreftkirurgien i regionen opp mot krava som er sett til kreftkirurgisk verksemd i Noreg. Det skal gjerast årleg gjennomgang av aktuelle kompensierende tiltak, og ei meir omfattande vurdering av funksjonsfordelinga etter om lag fire år. Dersom kompensierende tiltak ikkje kan sikrast for eit fagområde må ny funksjonsfordeling vurderast.

Helse Vest gjennomførte etter styrevedtaket i 2019 ein prosess med oppretting av faggrupper for fagområda lunge-, nyre, bryst, bukspyttkjertel og gynekologi for å utarbeide mal for MDT-møte og forankre samarbeidsrutinar om oppmelding til MDT-møte, hospitering og fagmøte. Dei fem faggruppene hadde representasjon frå alle føretaka og vart leia av Helse Bergen og leverte rapportar til Helse Vest ([Helse Bergen styresak 3/20](#)).

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til vitende.

Sak 07/23 O Årsmelding frå Brukarutvalet og Ungdomsrådet 2022**Oppsummering**

Brukarmedverknad er eit sentralt og lovfesta prinsipp for styring og drift av helsetenester. Brukarutvalet og Ungdomsrådet representerer brukarstemma på systemnivå i Helse Bergen. For å sikre brukarperspektivet i overordna prosjekt, prosessar og avgjersler er det derfor viktig at styret er orientert og kjent med arbeidet Brukarutvalet og Ungdomsrådet har utført i året som har gått, samt kva fokusområde utvalet/rådet har for det komande året.

Kommentarar i møtet

Styret er imponert over arbeidet som er gjort for å organisere brukarmedverknad i føretaket, og takka for godt arbeid i Brukarutvalet og Ungdomsrådet. Arbeidet må bli meir kjent i blant pasientar og tilsette.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek Årsrapport 2022 og Årsplan 2023 frå Brukarutvalet og Ungdomsrådet til vitende.

Sak 08/23 A Sal av eigedomen Knappen til Bergen kommune**Oppsummering**

Eigedomen Knappen har høyrte til Helse Bergen HF sidan 2002. Da eigedomen Kronstad vart bygd for Kronstad DPS i 2012 var det ein føresetnad at Knappen skulle seljast, da verksemda til føretaket på Knappen vart flytta til Kronstad DPS.

I 2014 vart Bergen Bosenter oppretta på Knappen av Helse Bergen HF. Sandviken sjukehus hadde pasientar klare for utskriving, men som Bergen kommune ikkje kunne ta hand om. Kostnadar for Bergen Bosenter vart fyrst belasta føretaket før kostnadane seinare vart delt mellom partane. Frå 2015 overtok Bergen kommune ansvaret for pasientane og kostnadane, og føretaket inngjekk leigeavtalar med kommunen for leige av hovudhuset og paviljong 2 på Knappen.

I juni 2015 reiste Bergen kommune søksmål mot føretaket med krav om vederlagsfri tilbakeføring av eigedom retten til blant anna Knappen med grunnlag i Angeravtalen frå 1971. Dommen slo fast at Bergen kommune har ein eigardel i Knappen med 21/85. Saka vart anka til Gulating lagmannsrett som i 2018 sto ved avgjerda til tingretten. Saka vart så anka vidare til høgsterett, men slapp ikkje inn, og dommen frå Gulating lagmannsrett vart rettskraftig i august 2018. I ettertid har det vore ei rekke drøftingsmøte med kommunen grunna ønsket til kommunen om å ta over eigedomen.

Eigedommen vart taksert i 2014 og på ny i oktober 2022. Partane vart samde om sal av eigedomen til takst, kr 63 900 000, til Bergen kommune med fråtrekk for eigardel 21/85 tilhøyrande kommunen. Salssummen for eigardel til Helse Bergen HF vil vera kr. 48 116 700.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret stiller seg positiv til at eigedomen Knappen (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) i Bergen kommune blir seld til Bergen kommune for kr. 48 116 700.
2. Saka blir send til Helse Vest RHF for vidare behandling/godkjenning

Sak 09/23 O Ny leiarplattform

Oppsummering

Helse Bergen har gjennom mange år nytta eit rammeverk for leiing som utgangspunkt for ei heilskapleg utvikling av leiarskapet i føretaket. Rammeverket vart etablert for å gi leiarane ei felles forståing for behovet for leiing i sjukehuset og kva som er felles i ulike leiarroller hos oss. Nasjonal leiarplattform og leiar krav ligg til grunn for vårt rammeverk for leiing. Rammeverket har vore til inspirasjon for mange andre verksemder si utvikling av leiarskap, mellom anna DIFI.

Utviklinga i samfunnet og krava til helseføretaket er i stor endring. I gjeldande plan for leiarutvikling er det av den grunn lagt til grunn ei vidareutvikling og operasjonalisering av rammeverket. Vidareutviklinga tar utgangspunkt i *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring* i helse frå 2017.

Den nye tilpassinga av rammeverket kallar vi *Leiarplattforma*.

Å ha eit leiarskap som forstår si eiga og andre si rolle, ansvar og oppgåver er vesentleg for å saman kunne utvikle føretaket i ei tid med krevjande økonomi og krevjande prioriteringar.

Det er derfor gledeleg at leiarar melder at Leiarplattforma gjer det lettare å forstå våre ulike forventningar til ulike nivå av leiarar samtidig som den gjer tydeleg kva som vert forventa av alle leiarane i føretaket. I så måte vil justeringa av forventningar til leiarane og understøtte ei ønska utvikling av organisasjonskulturen.

Kommentarar i møtet

Jobben med overordna forventning til leiarar i sjukehuset er viktig. Rammeverket er nyttig for avklaring av forventningar, rekruttering og oppfølging av leiarar. Det vart etterlyst korleis ein vil sikre forbettringskompetanse i leiinga.

Det vart og peika på at kontrollspennet i mange nivå 3-einingar er stort og krevjande. Det er viktig med tiltak som sikrar at leiinga også her er tett på.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar sak om justert rammeverk for leiing i Helse Bergen til vitende.

Sak 10/23 A Årsmelding klinisk etikk-komité 2022

Oppsummering

Alle helseføretak skal ha ein Klinisk etikk-komité, jf. [spesialisthelsetenestelova § 2-4a](#). Helse Bergen har hatt slik komité sidan 1997.

Klinisk etikk-komité i Helse Bergen skal bidra til større etisk medvit i føretaket, bidra konstruktivt til etisk refleksjon og avklaring av verdispørsmål i pasientbehandling og ved prioritering av ressursar. På førespurnad kan komiteen gje råd om korleis konkrete etiske utfordringar ved behandlinga av den enkelte pasient kan løysast.

Årsmeldinga for 2022 presenterer mellom anna det lovpålagte mandatet, medlemmane, arbeidet som har vore utført i komitéen det siste året og målsettingar for 2023.

Kommentarar i møtet

Styret takka for godt og viktig arbeid. Særleg blei det framheva at arbeidet med å auke helsepersonell sin kompetanse på prioritering og overbehandling blir viktigare framover. Læring på tvers frå enkeltsaker kan vere med på å auke kompetansen. Det er noko vi kan leggje inn i sentralt kvalitets- og pasienttryggleiksutval.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek årsmeldinga frå Klinisk etikk-komité for 2022 til vitende.

Sak 11/23 O Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Ingen kommentarar.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktskrav

Ingen kommentarar.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen kommentarar.

4. Saker til oppfølging etter styremøtet

Ingen kommentarar.

5. Medieklipp

Ingen kommentarar.

6. Status beredskap

Ingen kommentarar.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar meldingane til vitende.

Sak 12/23 O Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Dato: 30. mars 2023

Terje Breivik	Styreleiar
---------------	------------

Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
----------------------	-----------

Hilde Christiansen	Medlem
--------------------	--------

Per Morten Sandset	Medlem
--------------------	--------

Rolf Martin Tande	Medlem
-------------------	--------

Bente Enehaug-Rebnord	Medlem
-----------------------	--------

Kjeld Zacho Jørgensen	Medlem
-----------------------	--------

Marianne Sæhle	Medlem
----------------	--------

Karen-Anne Stordalen	Medlem
----------------------	--------

Irene Hopsdal	Medlem
---------------	--------

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------